



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 7. februar 2019  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 1/2019

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Faste medlemmer som har møttl:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar <b>N.B. Ord for dagen</b> , gjekk etter sak 07/19
Rasmus Fitjar	Nestleiar, leda S-05/19 og S-08/19
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Gunvald Aarbø	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sindre Aarbø	Medlem

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1.varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



### Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-01/19	Detaljbudsjett for 2019	X
S-02/19	Møteplan for første halvår 2019	X
S-03/19	Referat frå sist møte	X
S-04/19	Meldingssaker	X
S-05/19	Open post	X
S-06/19	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-07/19	Drøftingssak om kyrkjelydsprest, fond og gåver	
S-08/19	Soknepresten sine tankar om gudstenester m.m.	

Sak Open post og Arrangement i kyrkja si regi hadde fått same saksnr. i dokumentet og dei andre nr. vart forskjøvet. Sidan saka om Open post vart flytta til siste sak, dermed vert saksnr, følgjande:

- S-05/19 Arrangement i kyrkja sin regi, men vart behandla etter sak 07/19.
- S-06/19 Drøftingssak om kyrkjelydsprest fond og gåver
- S-07/19 Soknepresten sine tankar om gudstenester m.m.
- S-08/19 Open post

### Sak 01/19: Detaljbudsjett for 2019

#### Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet vedtek Fitjar sokn sitt detaljbudsjett slik det ligg føre.
2. Godtgjersla for tillitsvalde vert auka til desse satsane:
  - a. Møtegodtgjersle, kr. 330,- pr. møte
  - b. Godtgjersle til leiar, kr. 5.000,- (fast godtgjersle i tillegg til møtegodtgjersle)
  - c. Godtgjersle til nestleiar, kr. 1.000,- (fast godtgjersle i tillegg til møtegodtgjersle)
  - d. Godtgjersle til skrivar, kr. 275,- pr. møte
3. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera mindre omdisponeringar i driftsbudsjettet dersom det er påkrevd for å sikra den daglege drifta. Soknerådet skal orienterast dersom det er større omdisponeringar som må til.

#### Behandling i Fitjar sokneråd 7. februar 2019:

Kyrkjeverje Harald Rydland orienterte soknerådet om budsjettet i møtet.

#### Vedtak (samrøystes):

1. Soknerådet vedtek Fitjar sokn sitt detaljbudsjett slik det ligg føre.
2. Godtgjersla for tillitsvalde vert auka til desse satsane:
  - a. Møtegodtgjersle, kr. 330,- pr. møte
  - b. Godtgjersle til leiar, kr. 5.000,- (fast godtgjersle i tillegg til møtegodtgjersle)
  - c. Godtgjersle til nestleiar, kr. 1.000,- (fast godtgjersle i tillegg til møtegodtgjersle)
  - d. Godtgjersle til skrivar, kr. 275,- pr. møte (fast godtgjersle i tillegg til møtegodtgjersle)
3. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera mindre omdisponeringar i driftsbudsjettet dersom det er påkrevd for å sikra den daglege drifta. Soknerådet skal orienterast dersom det er større omdisponeringar som må til.



**Sak 02/19: Møteplan for første halvår 2019**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet vedtek slik møteplan for første halvår 2019:

Torsdag 21. mars kl. 18.30 (Årsmelding m.m.)

Onsdag 24. april kl. 18.30 (Godkjenning av liste til soknerådsvalet m.m.)

Torsdag 6. juni kl. 18.30 (Rekneskap, preikeliste for 2. halvår m.m.)

Kyrkjelyden sitt årsmøte vert halde søndag 7. april etter gudstenesta.

Dersom det skulle vera behov for møte utover dette, fastset soknerådsleiar tidspunkt for møte.

**Behandling i Fitjar sokneråd 7. februar 2019:**

Soknerådet vurderte planen, men gjorde ingen justeringar.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**Sak 03/19: Referat frå sist møte**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 3. desember 2018.

**Behandling i Fitjar sokneråd 7. februar 2019:**

Referatet frå møte den 3. desember 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**Sak 04/19: Meldingssaker**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Behandling i Fitjar sokneråd 7. februar 2019:**

I møtet vart det orientert om desse sakene:

1. Arbeidet med kyrkjestova v/kyrkjeverje  
Kyrkjeringen med tilråding frå soknerådet har på dugnad pussa opp kyrkjestova. Det var takkefest med bevernting for dugnadsgjengen i kyrkjestova 6. februar 2019.
2. Rapportering til SSB for 2018 v/ kyrkjeverje og sokneprest
  - Få gravferd i fjor
  - Bra fram møte i gudstenestene, men dei som møter i gravferd er ikkje med i registreringa. Sokneprest Roald Drønen har gitt beskjed om det slik at det vert endra i den nye lova.
3. Brannvern i kyrkja, rapport frå tilsyn i desember 2018 v/kyrkjeverje
  - Kyrkja har tilsyn frå brannsjef på Stord. Bra brannvern i kyrkja, men eit avvik som gjeld skriftleg rapport om risiko, brannøving og handlingsplan.
  - Det er no laga risikovurdering og handlingsplan.
  - Det er bestilt komfyrvakt til kyrkjestova og sakresti.
  - Ein skal skaffa brannsikker matte under lysgloben.
  - Ein skal ordna med taustigar på galleriet som ekstra fluktveg ved brann.
  - Tilsette og leigetakarar må skriva under på at dei har lese handlingsplanen.
  - Tilsette får personleg ansvar for å gå rundar og notera avvik.
4. Soknerådsvalet 2019 v/ Terje Havro representant frå valnemnda
  - Valnemnda har hatt oppstartmøte.



## DEN NORSKE KYRKJA

### Fitjar sokn

- Dei har starta ringerunde, men har til no fått flest nei. Dei har ennå mange fleire som dei kan spørja.
- 5. Matstell i samband med konfirmantundervisninga v/soknepresten  
Soknepresten har fått 5-6 kvinner som ordnar med mat og ryddar kvar tysdag under konfirmantundervisninga.
- 6. Heimegrupper for konfirmantane v/ soknepresten  
Det vert heimegrupper for konfirmantane 3 gonger frem til konfirmasjon.

### **Vedtak (samrøystes):**

Som fremlegg.

### **Sak 05/19: Arrangement i kyrkja sin regi**

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 7. februar 2019:**

Det har komme spørsmål om ikkje tradisjonen med kyrkjelyden sin årsfest burde vore teken oppatt sidan det ikkje vart arrangert årsfest vinteren 2018. No har me fått reservert Fitjar Bedehus søndag 17. mars frå kl 16.00 og utover. Soknerådet må setja ned ein komite for førebuing og gjennomføring, samt at det må lagast program for festen.

Når det gjeld kyrkjelydsturen til Helgatun siste helga i mars, er ein eigen komite i sving med å førebure turen. 63 personar er påmeldt.

Onsdag 13. mars 2019 vert det salmelynskjekonsert i kyrkja.

### **Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet sette ned følgjande komitè til kyrkjelydsfesten 17. mars kl. 16:

Sigrid M. Fangel

Gunnvald Aarbø

Per Drønen

Rasmus Fitjar

Bodil Nesse

Elles tok soknerådet meldingane til orientering.

### **Sak 06/19: Drøftingssak om fond og gåver**

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 7. februar 2019:**

Soknerådet gjorde i juni 2018 eit vedtak om saka, sjå referatet frå 13.07.2018, sak 33/18

Etter punkt 3 i vedtaket skal soknerådet vurdere om stillinga som kyrkjelydsprest i Fitjar skal avviklast. Dersom det vert utfallet må rådet drøfta kva som då skal skje med Fondet for kyrkjelydsprest.

Eit anna tema som soknerådet bør drøfta, er kva dei faste gåvene som kjem inn til kyrkjelyden kvar månad skal brukast til. Etter at det vart sendt ut melding om at gjevartenesta til kyrkjelydspresten var avslutta, valde nokre av gjevvarane å stoppa tenesta. Andre valde å halda fram med gjevartenesta for å støtta anna arbeid i kyrkjelyden. Ein har ingen retningslinjer for fondet.

### **Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet ber Arbeidsutvalet laga ei sak om retningslinjer for fondet til neste soknerådsmøte.



**Sak 07/19: Soknepresten sine tankar om gudtenester m.m.**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Behandling i Fitjar sokneråd 7. februar 2019:**

Sokneprest Roald Drønen hadde ein samtale med soknerådet om ulike tema som gjeld innhald og gjennomføring av gudstenestene. Presten er oppteken av at soknerådet skal få vera med å påverka dette.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknepresten lagar ein oversikt over ulike tema og områder som soknerådet kan vurdere korleis ein ynskjer det skal gjennomførast i Fitjar kyrkje.

**Sak 08/19: Open post**

- Type reklame i Kyrkjebladet v/ Sigurd A. Maraas  
Har soknerådet vurdert om ein kan ha reklame frå politiske parti i Kyrkjebladet? Ingen hadde vurdert det tidligare, men ein var einige om at ein ikkje skal ha partipolitisk reklame i Fitjar Kyrkjeblad.

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....